

## Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 08.06.2017

Per Lerøy (A) stilte spørsmål om han var inhabil fordi med i styret for HOG Energi. Lerøy gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Utval for miljø og samferdsel vedtok samrøystes at han var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Per Lerøy gjekk frå under behandlinga av saka.

**Gustav Bahus (Frp)** sette på vegner av Frp, MGD, V og H fram slikt forslag:

«Fylkesrådmannen sitt forslag, med nytt punkt 1:

Fylkesutvalet meiner at arbeidet som er gjort i høve til «Biostrategi i Hordaland» er eit godt grunnlag for vidare arbeid med ein endeleg strategi. Fylkesutvalet inviterer relevante aktørar til å delta i det vidare arbeidet. Fylkesutvalet ber om at desse aktørane vert deltakarar i arbeidet med å ferdigstille strategien, slik at strategien er klar til å verte ein del av temaplanen som kjem i fylkesutvalet og fylkestinget i september og oktober 2017.»

**Synnøve Solbakken (A)** sette fram slikt forslag:

«Tilleggspunkt:

Hordaland fylkeskommune skal ta initiativ til eit samarbeid med fylka knytt til Vestlandsrådet om auka bruk og produksjon av biogass.»

**Per Roald Hasborg (Sp)** sette fram slikt forslag:

«Tilleggspunkt:

HOG vert oppmoda om å innhente informasjon frå EU-prosjektet Enerbox om moglegheit for synergjar ved å kombinere bruk av biogass med bruk av oksyhydrogen.»

### Røysting

Det var 12 representantar til stades.

Bahus sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 fekk ingen røyster og fall.

Solbakken sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Hasborg sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet meiner at arbeidet som er gjort i høve til «Biostrategi i Hordaland» er eit godt grunnlag for vidare arbeid med ein endeleg strategi. Fylkesutvalet inviterer relevante aktørar til å delta i det vidare arbeidet. Fylkesutvalet ber om at desse aktørane vert deltakarar i arbeidet med å ferdigstille strategien, slik at strategien er klar til å verte ein del av temaplanen som kjem i fylkesutvalet og fylkestinget i september og oktober 2017..
2. Fylkesutvalet ser behov for å innovasjon og kompetanseheving. Gjennom kvalifisering til finansiering frå «Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland», «Regionalt forskingsfond Vestlandet» og «Klimaplan for Hordaland» vil fylkeskommunen støtte kunnskapsbygging innan områda:

Forretningsmodellar for samrotning av næringsavfall og husdyrgjødsel

Bruk av biorest i landbruket i Hordaland

Samrotning av avfall frå fiskeoppdrettsnæringa og GROT (greiner, røter og toppar).

Fylkeskommunen vil prioritere prosjekt som er både klimaeffektive og økonomiske.

3. Fylkesutvalet peiker på eksisterande tiltak 5.19 i Handlingsprogram i Klimaplan for Hordaland med

omsyn til å initiere fylleinfrastuktur for biogass for tunge køyretøy. Det er i denne samanhengen spesielt relevant å nytte nasjonale støtteordningar.

4. Fylkesutvalet kjem tilbake til vurderingar av biogass i kollektivdrifta ved handsaminga av temaplan for innføring av låg- og nullutsleppsteknologi for bussar i Hordaland. Temaplanen vert lagt fram for utval for miljø og samferdsel, fylkesutvalet og fylkestinget i september/oktober 2017.
5. Hordaland fylkeskommune skal ta initiativ til eit samarbeid med fylka knytt til Vestlandsrådet om auka bruk og produksjon av biogass.
6. HOG vert oppmoda om å innhente informasjon frå EU-prosjektet Enerbox om moglegheit for synergjar ved å kombinere bruk av biogass med bruk av oksyhydrogen.